



Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 09.12.2016

Tid: 09.00 – 12.00

Møtestad: Hordaland fylkeskommune, Bergen

Rådmenn: Geir Underhaug (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ole-Jørgen Jondahl (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang)

Administrasjon: Jostein Eitheim, Hardangerrådet

Forfall: Reidar Meel, Ulvik herad

Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.

Agenda:

09.00 – 11.00 Orientering/dialog KS, Hordaland v/ Astrid Toft

11.00 – 12.00 Sakshandsaming

Kommunenes Sentralforbund v/ Astrid Toft orienterte om desse tema:

- Generell info om KS
- Samarbeid mellom KS og kommunane på politisk og administrativt nivå.
 - Korleis kan vi saman få dette til å fungera best mogeleg ?
 - Drøfting av korleis kommunane opplever samarbeidet med KS-Hordaland.
 - Kva er KS si rolle overfor kommunane ?
- Korleis kan kommunane nytta kompetanse og ressursar i KS til beste for eigen kommune ?
 - Eks. Handsaming av rundskriv og debattinnlegg i eigen kommune

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 25/16 Meldingar

Ingen meldingar framlagde

RF-sak 26/16 Møtebok frå Regionrådsmøte 27.10.2016 – Orientering

Dagleg leiar gjennomgjekk møtebok og orienterte om drøftingar og vedtak i møtet.

RF-sak 27/16 Sluttrapport etter evalueringsseminar - Samhandlingsreforma

Orientering – drøfting

Rådmannsforum drøfta tilrådingar for oppfølging i vedlegg 2 til Sluttrapport Prosjekt Samhandling og folkehelse Hardanger og Voss.

Vedlegg 2: Tilrådingar for oppfølging

Staten har ansvar for å leggje til rette føresetnadene som må på plass for at kommunar, helseføretak og utdanningsinstitusjonar skal nå måla i Samhandlingsreforma.

Evalueringa har dokumentert at det er gode system for samhandling mellom helseføretaka og kommunane i regionen. I all hovudsak har og samarbeidet mellom kommunane fungert godt. Prosjektet rår til at det vidare arbeidet må ha fokus på;

1. Endringar i statlege rammevilkår – oppfølging; Storting og regjering må;

- kome opp med styringstiltak som sikrar kommunane økonomisk handlingsrom til å ta over større ansvar og oppgåver, slik reforma legg opp til. *Ansvar: Rådmennene/KS*
- vedta nye økonomiske insentiv som sikrar målretta innsats for å styrke folkehelse og førebyggjande arbeid, primært i kommunane. *Ansvar: Rådmennene/KS*
- levere på avklaring av ansvarstilhøva og leggje fram opptrappingsplan for rehabiliteringsfeltet med fullfinansiering, i samsvar med politiske vedtak i Nasjonal helse og omsorgsplan 2011 – 2015. *Ansvar: Rådmennene/KS*
- ta initiativ til gjennomføring av evaluering av ØHD-tilbodet. I tillegg til fokus på effekt på akuttinnleggingar i sjukehus bør ein og analysere i kva grad tilbodet har stimulert til døgnopne kommunar. *Ansvar: Rådmennene/KS*

2. Endringar i samarbeid mellom helseføretak og kommunar – oppfølging;

Prosjektet/seminaret har dokumentert semje om felles innsats for å styre utvikling/samarbeid som skissert i pkt 1 til 6 i evalueringsrapporten.

- Samarbeidsrådet med underutval i helse Bergen og FOU-eininga i Helse Fonna må rapportere årleg på utviklinga på punkt 1 til 6 i årsrapportane. *Ansvar: Samarbeidsrådet/Fou-eininga.*
- Når det gjeld utfordringar knytt til pkt. 7 og 8. *Ansvar: Tema for drøfting på Toppleiarmøte/tilsvarande organ i Helse Fonna.*

3. Endringar i samarbeid mellom kommunar – oppfølging;

- For å ivareta behovet for refleksjon og læring bør det gjennomførast evaluering om kva som gjekk galt i prosessen knytt til IKLV og ØHD-tilbodet. *Ansvar: Rådmannsnivå*
- Styrking og samordninga av innsatsen innan fagfeltet miljøretta helsevern i samsvar med tilrådinga i prosjektrapport 8. *Ansvar oppfølging: Rådmannsnivå*
- Lage system for årleg kontroll av at nettverksgruppene for folkehelse og kommunehelse, samfunnsmedisin og miljøretta helsevern fungerer, både som eigne grupper og i fellesskap. *Ansvar: Rådmannsnivå*
- Følgje opp dokumentert trong for spesialisert rehabilitering, straks regjeringa har klargjort ansvarstilhøva og presentert opptrappingsplan: *Ansvar: Rådmannsnivå.*

Vedtak:

Til pkt. 1

Evaluering ØHD-senger: Med bakgrunn i liten bruk og kort tidsperiode ønskjer Rådmannsforum at evaluering skjer i 2018 eller 2019.

Til pkt 2

Dette pkt vart ikkje handsama i møtet.

Til pkt 3

IKLV og ØHD-tilbodet. Evaluering av kva som gjekk galt i prosessen knytt til etableringa av desse tiltaka. Rådmannsforum ønskjer ikkje å gjennomføra slik evaluering.

Miljøretta helsevern. Rådmannsforum tilrår at dette vert følgt opp på kommunenivå.

Nettverksgrupper. Rådmannsforum vil be om årsrapportar frå alle desse nettverksgruppene. 1. rapport, som vert årsrapport for 2016 skal leggjast fram i neste Rådmannsforum 26.02.2017.

Spesialisert rehabilitering. Ansvar her ligg på Helse Vest. KS har fråsagt seg ansvar for å oppnemna kommunerepresentantar til arbeidsgruppe. KS oversender til Hardangerrådet FoU om spesialisert rehabilitering.

RF-sak 28/16 Det grønne skiftet.

- Kva betyr dette eigentleg for oss, og kva bør me arbeide med framover og korleis rigge organisasjonen for denne endringa. Kan dette for eksempel være det fellesprosjektet vi har leita etter?
- Aktuelle spørsmål som
 - Omlegging til utslippsnøytral bilpark (jf. AP sin klimapakke) og energi-effektivisering av bygg og anlegg.
 - Ladestasjonar for el og hydrogen
 - Underskot av kraft, og utbygging av vassdrag/hydrogenfabrikker.
 - Merkevarer Hardanger – og det grønne skiftet.

Drøfting

Denne saka vart utsett til neste møte i Rådmannsforum.

RF-sak 29/16 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet.

- Innspel frå rådmannen i Granvin: Det grønne skiftet som var tema på Hardangerkonferansen bør som tema følgjast opp i Hardingtinget 2017. Dette innspelet vert teke vidare til drøfting i Regionrådet 15.12. der program for Hardingtinget skal drøftast.
- Hydrogencase. Dagleg leiar tar kontakt med Greenstat for mogleg deltaking på neste møte i Rådmannsforum der ein vil drøfta meir konkrete tiltak ifm oppfølging av rapport frå Greenstat.

Referent

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar Hardangerrådet